



SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Driftskomite	21.11.2006	050/06	HJO

Staten og Den norske kyrkje - Høring.

Vedlegg:

- 1 Høyringsdokument frå Kultur – og kyrkjedepartement
- 2 Svorskjema til Kultur og kyrkjedepartementet
- 3 Humanetisk forbund ; Brev til ordføreren av 26-06.09 ; Høring av NOU 2006: 2 ; Staten og den norske kirke.
4. Bergens Tidende: Søndag 12.11.06- side 14 og 15: "Biskop og heidningar går hand i hand"

Framlagt: NOU 2005: " Staten og den norske kyrkja"
Saksutgreiing til Ullensvang heradsstyre 06.11.06.

Saka skal sendast ut av: Sekretariatet

Særutskrift skal sendast til: Departementet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak :

1. Odda kommune ved driftskomiteen stør ikkje fleirtalet i Gjønnnesutvalet si innstilling og rår til at statskyrkjeordninga vert oppretthalden slik at grunnlova definerer staten i ein religiøs kontekst inkl. den norske kongen sitt medlemskap i trussamfunnet Den norske kyrkja.
2. Driftskomiteen i Odda kommune legg til grunn at staten tek eit særleg økonomisk ansvar for trussamfunnet den norske kyrkja. Kyrkjebygga vert trussamfunnet si eige. Når de gjeld forvaltninga av bygga kan sokneråda overlata dette til fellesrådet i kvar kommune og / eller oppretta interkommunale forvaltingsorgan der ein finn dette tenleg.
3. Driftskomiteen tilrår av **kulturminnevernet** vert ivareteke ved at staten har det heile og fulle byggtkniske ansvaret og økonomiske ansvaret for mellomalderkyrkjene, samt særskilt definerte bygg etter vedtak.
4. Staten har ansvar for grunnfinansieringa av dei listeførte kyrkjene. Kommunane kan etter søknad frå soknet eller det aktuelle forvaltningsorganet som er delegert mynde- gje tilskot til toppfinansiering av investeringar i nybygg, påbygg og større refinansieringar.

del 126

Kultur- og tilknyttet.
KI

Saksnr: 200605491 Dato: 30/11/06

Kode: Ki-831 Beh:

5. Reising og drift av **støtte- og servicebygg** (soknehus m.v.) skal –som i dag - vera ei oppgåve for trussamfunnet /den kyrkjelyden/ dei kyrkjelydane som dei respektive bygga soknar til. Kommunane står (som i dag) fritt til å gje tilskot om bygget er ope for alle (jamf. grunnkravet for støtte til samfunnshus)
6. Driftskomiteen rår - med tilvising til det lovfesta kravet om regulert gravplass for alle borgarar og prinsippet om at trus- og ytringsfridom for alle borgarar skal respekterast også etter døden - til at
 - a. Ansvaret for gravferder prinsipielt vert ei kommunalt ansvar og at gravplass vert nytta som nemning framfor kyrkjegard i offisielle samanhengar.
 - b. Bygg og anlegg i tilknytning til gjennomføring av desse tenestene skal og vera eit kommunalt ansvar og i kommunal eiga.
7. Vedlagt svarskjema vert utfylt i samsvar med ei politiske vedtaka som vert fatta i denne saka

Rådmannen i Odda,08.11.06

21.11.2006 Driftskomite

Behandling:

Repr. Larsson (RV) føreslo:

1. Sjølvstendig folkekyrkje,men med gravferdsforvaltinga i kommunal regi.

Til voteringa : del 2 i forslaget går ut då det er identisk med innstillinga

DRK-050/06 Vedtak:

Pkt 1 Rådmannen sitt forslag vart vedteke med 8 mot 3 røyster (Våde og Larsson (RV) og Hagen (SV)) gitt for repr. Larsson sitt forslag.

Pkt 2 Rådmannen sitt forslag vart vedteke med 8 mot 3 røyster (RV og Hagen (SV))

Pkt 3. Samr. vedteke

Pkt 4. Samr vedteke

Pkt 5. Samr. vedteke

Pkt 6. Samr . vedteke

Pkt 7 Samr. vedteke

Saksutgreiing:

Statskyrkjeordninga har vore omdiskutert i meir enn 150 år. Den har vore handsama av Stortinget fleire gongar og blitt inngåande vurdert av fleire offentlege og kyrkjelege utval. Til no har ikkje det vore tilstrekkeleg fleirtal på Stortinget for å oppheva ordninga. Den har blitt reformert gjennom ulike lovendingar som gradvis har gitt kyrkja større sjølvstende i høve staten. I 2002 vedtok Stortinget å be regjeringa om å oppnemna eit breitt samansett utval for å vurdere tilhøvet mellom stat og kyrkje. Fylkesmann Kåre Gjønnnes vart oppnemnt som leiar av utvalet. Mandatet til utvalet var å gje grunnlag for å kunna treffa ei avgjerd om statskyrkjeordninga skulle førast vidare eller avviklast.

Mandatet la til grunn at Den norske kyrkja (DnK) framleis skal vera ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Utvalet skulle også vurdere finansieringsordning, gravferdsforvaltning og ordningar for freda og verneverdige kyrkjer. Det skulle også vurderast kven som skulle ha eigedomsretten til kyrkjer, kyrkjegardar og det såkalla "Opplysningsvesenets fond" ved eit eventuelt opphøyr av statskyrkja.

Gjønnnes-utvalet overleverte 31.01.06 utredninga med 3 hovudframlegg til korleis staten skal ordna sitt forhold til trussamfunnet Den norske Kyrkja i framtida. Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) har sendt utgreiinga ut på høyring med frist for uttale til 1. desember 2006.

Kyrkja arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon (KA) har uttalt seg til utredninga. Det same har fleire andre organisasjonar gjort – m.a. humanetisk forbund. Ingen politiske organ i Odda kommune har blitt direkte informert av folk frå DnK i prosessen. Prost Knut Knutsen møtte på eit ope møte i regi av fellesrådet for sokneråda 31. oktober der også rådmann og ordførar var til stades og der dei politiske partia var invitert.

Kva tilhøve det skal vera mellom staten og Den norske kyrkja både prinsipielt og praktisk i framtida er eit stort og omfattande spørsmål å ta stilling til. Løysingane på desse utfordringane vil både direkte og indirekte - påverka korleis heile det norske samfunnet vil fungera i framtida.

Organisering av Den norske kyrkja:

Gjønnnes-utvalet legg opp til 3 alternative hovudmodellar for DnK. Den grunnleggjande forskjellen mellom dei tre alternativa er det rettslege rammeverket og endringar i det øvste kyrkjestyret.

1. **Grunnlovsforankra folkekyrkje:**
DnK vil halda fram som statskyrkje, anten som i dag eller med ytterlegare reformer innanfor dagens grunnlovsbestemmelsar. Det inneber at Kongen i statsråd (regjeringa) er øvste kyrkjestyre og at staten gjennom dette er sikra fortsatt politisk kontroll og mynde over kyrkja og over monarken sin lojalitet og medlemskap i trussamfunnet DnK
2. **Lovforankra folkekyrkje:**
Grunnlova sine noverande reglar om statskyrkjeordninga vert oppheva. Det inneber at Kongen (regjeringa) ikkje fungerer som kyrkjestyre, noko som fører til større sjølvstende for DnK som trussamfunn. DnK blir eit sjølvstendig rettssubjekt, men får likevel ei særleg tilknytning til staten i høve andre trus- og livssynssamfunn, ved at Stortinget vedtek ei eigen kortfatta rammelov/kyrkjelov for DnK.
3. **Sjølvstendig folkekyrkje:**
DnK vil bli eit sjølvstendig trussamfunn på linje med andre trus- og

livssynssamfunn i Noreg. Alle grunnlovsbestemmelsar om Dnk vert oppheva og all form for statleg styring i høve kyrkja vert avvikla. Det inneber at Dnk ikkje lenger vil vera ein del av statsforvaltninga, men vil bli forankra i trussamfunnslova.

Eit stort fleirtal i Gjøannes-utvalet går inn for alternativ 2, **ei lovforankra folkekyrkje**, altså eit brot på statskyrkjeordninga. KA går delvis inn for alternativ 1 og vil behalda statskyrkjeordninga, men med visse endringar i høve dagens ordning. KA støttar fleirtalet sitt ynskje om å gjera Dnk til eit nasjonalt rettssubjekt, slik dei lokale kyrkjeorgana no er organisert. Men KA meiner dette kan gjerast innanfor statskyrkjeordninga. KA ynskjer å styrka dei lokalkyrkjelege styringsorgana og peikar på at dette kan gjerast ved å slå saman til større forvaltningseiningar etter modell av t.d. interkommunalt samarbeid.

Statens trus- og livssynspolitik:

Den statlege trus- og livssynspolitikken kviler i dag på 3 pillarar

1. **Prinsippet** om trus- og yringsfridom.
2. **Praksisen** med ei statskyrkjeordninga som set Dnk i ei særstilling gjennom grunnlova
3. **Praksisen** med likehandsaming av alle andre trussamfunn når det gjeld statleg støtte (medlemsbasert støtte)

Staten "legg seg ikkje bort i" læra til dei ulike trussamfunna, med unntak av trussamfunnet DnK. For sistnemnde sitt vedkomande har staten tona sterkt ned styringsretten sin gjennom gjeldande kyrkjelovgjeving og har i realiteten inga anna styringskraft enn generell lovgjeving og utnemning av biskopar.

Lovgjevingskrafta vil staten ha utansett løysing. Ved oppheving av statskyrkjeordninga –og høgst sannsynleg også etter modell 2 ovanfor – vil staten si styringsrett til å utnemna biskopar bli oppheva.

Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, går eit fleirtal i Gjøannes-utvalet inn for at ein skal ta inn ein **ny paragraf i grunnlova om samfunnet sitt verdigrunnlag.**

Eit anna spørsmål er kor langt likehandsaminga av trus- og livssynssamfunn skal gå- eller motsett formulert : Kor stor grad av særstilling DnK bør ha i høve andre trus- og livssynssamfunn.

Mange er opptekne av DnK si rolle som kulturforvaltar (bygg- og seremoniar) og kyrkja si integrerande funksjon i samfunnet (seremonimeister utan å stilla for eksplisitte krav til medlemmer og brukarar), og meiner at dette talar sterkt for ei særstilling av DnK.

Dette er vidareført ved at det vert føreslege ei eiga kyrkjelov som regulerer dei praktiske sidene ved hopehavet mellom stat / kommune og Den norske kyrkja.

Finansiering av DnK:

Utvalet strekar under at DnK som ei landsdekkjande folkekyrkje må sikrast eit tilstrekkeleg og stabilt ressursgrunnlag. **Uavhengig av val av modell må alle trus- og livssynssamfunn få offentleg støtte som gjer at dei kan oppretthalda den viktige samfunnsrolla dei har.**

Fleirtalet i utvalet meiner at det er behov for auka ressurstilgang til Dnk, noko som også KA og andre kyrkjelege organ har streka under.

Fleirtalet i utvalet rår til at det offentlege står for hovudfinansiering av kyrkja, dvs. at staten dekkjer løner m.m. for alle kyrkjelege tilsette, kommunale tilskot skal dekkja bygging, forvaltning, vedlikehald og drift av kyrkjebygg medan eit medlemsbidrag skal dekkja finansiering av sokneråda si øvrige verksemd.

Eit mindretal går inn for at staten skal dekkja alle utgiftene og **eit anna mindretal** går inn for at hovudfinansieringa skal koma gjennom medlemskontingent supplert med offentlege tilskot til særskilde føremål.

Utvalet har ikkje konkretisert nærare korleis dei ulike ordningane er tenkt gjennomført. KA ynskjer også å vidareføra det delte økonomiske ansvaret mellom stat og kommune, men

med eit større ansvar lagt til kommunane med utgangspunkt i eit tilsvarande statleg tilskot. KA ynskjer å samla arbeidsgjevaransvaret for dei lokalt kyrkjeleg tilsette i eit lokalkyrkjeleg styringsorgan.

Når det gjeld freda og verneverdige kyrkjebygg, meiner eit fleirtal at det må etablerast ei **særskild statleg kyrkjeantikvarisk støtteordning, uavhengig av val av organisasjonsmodell.**

KA meiner at staten bør ta det fulle økonomiske ansvaret for mellomalderkyrkjer og eit økonomisk delansvar for listeførte (verneverdige) kyrkjer.

Gravferdsforvaltninga:

Fleirtalet i utvalet rår til at gravferdslova vert endra slik at kommunen tek over ansvaret for gravferdsforvaltninga, ut frå tanken om at gravferd er ei allmenn oppgåve som bør ivaretakast av det offentlege. Utvalet sitt mindretal rår til at kyrkjeleg fellesråd beheld ansvaret. Dei peikar på at det ikkje er registrert noko ynskje i fleirtalet i befolkninga om å flytta dette ansvaret over på kommunen. KA ynskjer også at hovudtrekka i dagens gravferdsforvaltning vert vidareført.

Vurdering:

Det er utfordrande å konkludera med ei samlande og klar tilråding i denne saka.

Ulike vurderingar og oppfatningar som i hovudsak vil byggja på personleg tru og livssyn vil trengja seg på, og fasiten finst ikkje

Eg legg difor fylgjande til grunn for vurderinga:

Ansvaret for at alle norske borgarar som ein del av menneskerettane opplever reell trus- og ytringsfriidom ligg hos staten og er det einaste og bærande prinsipp.

Dette fordrar prinsipielt ein ikkje - religiøs stat. Såleis er statskyrkjeordninga ein anakronisme.

Når det norske folket likevel har gode røymsler med DnK og skiljet mellom stat og kyrkje ikkje er eit folkekrav, men eit forslag frå eit offentleg nedsett utval som er sendt på høyring m.a. til kommunane, kjem det i stor grad av at DnK for "folk flest" er ein serviceinstitusjon, som utfører dei seremoniane og tenestene som folk forventar.

I tillegg er det rotfesta at staten gjev grunnstøtte til alle andre trussamfunn.

Elles viser undersøkingar at det er i dei område av landet der folk tek kyrkja mest på alvor at motstanden mot statskyrkjeordninga og er størst. .

Resten er i grunnen lovfesta praksis og praktiske tilmåtingar.

Trussamfunnet DnK varetek og dei symbolske handlingar kring denne kjerna som fungerer som kontaktflate til folk flest – uansett om dei er personleg truande eller ikkje. Her er dei viktigaste dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd . I tillegg handlingar som er for dei som i moderne norsk vert omtala som personleg kriste – som nattverd og sjelesorg.

DnK sin praksis om å vera ei open og inkluderande folkekyrkje vert vidareført i størst mogeleg grad då dette ivaretek viktige sosialiserande og kulturbyggjande oppgåver (og står open for personleg kristne som vel som for u-personleg kristne)

DnK skal og må, med utgangspunkt i dagens samfunn, ta imot ulike menneske med ulike behov og ståstader. Det har til no vore ivareteke gjennom den fordeling av kyrkjeleg makt som me har i dag, mellom Konge, Storting, kyrkjemøtet, regjering og kyrkjestatsråd i form av at DnK har hatt ei særstilling i samfunnet som har sikra politisk makt over trussamfunnet.

Intellektuelt og logisk er det eit klart brot med prinsippet om at tru er eit personleg ansvar og eit forhold mellom individet og guddommen. Mange nordmenn er såleis sterkt imot politisk islam i form av muslimske statsdanningar, men for politisk kristendom i form av at staten skal vera bekjennande ved eit definert trussamfunn.

Dei aller fleste moderne statar – inkl. har for lengst skilt mellom statlege affærer (gje keisaren det som keisaren skal ha - og gud det som gud skal ha)
Noreg er på dette feltet såleis langt frå det ein kan kalla moderne og sit fast i tradisjonane sine- som utviklinga no de facto er i ferd med å forlata, noko og eit klart fleirtal i Gjønnes utvalet har innset og tilrådd endra.

Det er svært viktig at DnK opprettheld ei stabil offentleg finansiering med både stat og kommune som bidragsytarar på avklarte og ryddige premisser

Det er og viktig at kyrkja og vert herre i eige hus når det gjeld det å ta ansvar for eigne tilsette og tillitsvalde

Dersom DnK då maktar å oppfylla rolla som ei open og inkluderande folkekyrkje gjennom nettopp å vera open og inkluderande, vil den kunna utvikla ein samfunnskontrakt som er både sterkare og meir forpliktande enn situasjonen er i dag.

Kommunane må ta eit direkte ansvar for gravferdsforvaltinga (i tråd med Gjønnesutvalet si innstilling). Dette byggjer på at trus- og ytringsfridom og skal respekterst også i døden, og at innbyggjarar som ikkje kan velja kvar dei skal gravleggast, har eit legitimt krav på tilgang til dei offentlege gravfredsfasilitetane på like vilkår.

Det er såleis ikkje i samsvar med grunnkrava i eit sekulært samfunn at eit trussamfunn monopoliserer rammene kring dei av staten pålagde og av folket ønska handlingane.

Eg rår til at

1. Statskyrkjeordninga held fram i grunnlovsfesta form.
2. Dnk vert i tillegg styrt av ei ny rammelov (kyrkjelov) som definerer trussamfunnet sitt forhold til staten inkl finansiering av tilsette og praktisk ordningar som prestegardar m.v.

Rådmannen legg til grunn følgjande premisser:

3. Alle tilsette i DnK med unntak at biskopane vert tilsett og lønna av kyrkjelege organ.
4. Kyrkjebygg :
 - a. Staten har drifts og vedlikehaldsansvar for mellomalderkyrkjer (automatisk freda etter gjeldande kulturminelov), og alle andre kyrkjebygg som det er vedtak på av arkitektoniske verdier eller historiske årsaker, samt syter for grunnfinansiering av alle andre kyrkjebygg.
 - b. Staten har ikkje ansvar for servicebygg som soknehus og liknande (som i dag)
5. Kommunen overtek ansvaret for gravferdsforvaltinga inkl. alle gravplasser og servicebygg knytt til denne tenesta, og ser til at desse anlegga får ein karakter som gjer at dei kan brukast av alle innbyggjarar i riket.

Høyringssvaret skal førast inn i eit eige skjema. Eg viser til vedlegg i saka der svara er kryssa ut med utgangspunkt i rådmannen sine vurderingar.

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: ODDA KOMMUNE

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellelsråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå Samarbeidsplan og vedtak
DRIFTSKOMITEEN SAK. 50/06

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Sjåge alternativt da vi tilkule framleis statskyrkye.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

Sjåge alternativt da vi tilkule framleis statskyrkye.

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

*** 8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

** Ingen alternativt passan - sjåi saleruttyesinga som ligg ved (vedtal).*